

Dette er føremålet med språklova

Språklova har ein føremålsparagraf som inneheld dei overordna måla med lova og gjev ei ramme for korleis dei andre paragrafane skal tolkast. Her er dei viktigaste formuleringane i føremålsparagrafen.

Språklova skal styrkje norsk språk

Norsk språk er både tale og skrift, bokmål og nynorsk. Det å styrkje norsk språk inneber å bruke norsk meir, men norsk skal likevel ikkje fortrenge dei andre språka som lova omfattar.

Norsk språk skal vere eit samfunnsberande språk og skal kunne nyttast på alle samfunnsområde

Eit samfunnsberande språk er eit overordna fellesspråk som held samfunnet saman og gjev det identitet. Vi skal kunne bruke dette fellesspråket – norsk – til alle tider og i alle samanhengar i Noreg.

Det offentlege skal setje i verk tiltak for at norsk språk skal ta attende område der engelsk dominerer i norsk samfunnsliv i dag.

Norsk språk må kunne halde tritt med utviklinga på alle område og i alle sektorar i samfunnet vårt. Vi skal kunne prate og skrive om alle fag på norsk.

Språklova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk

Både skriftspråka (bokmål og nynorsk) skal brukast, utviklast og styrkjast i det offentlege.

Språklova skal sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for

Dei samiske språka er urfolksspråk i Noreg. Samisk og norsk er likeverdige språk, og offentlege organ har ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk.

Kvensk, romani og romanes er nasjonale minoritetsspråk i Noreg, og dei er verna etter den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk. Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg. Offentlege organ har ansvar for å verne og fremje desse språka.

Det offentlege skal setje i verk tiltak for at dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk skal brukast meir, og språkbrukarane skal ikkje bli hindra eller motarbeidde når dei vil bruke sitt eige språk. Eit offentleg organ må kunne gjere greie for korleis det handterer ansvaret for desse språka.

På språklov.no blir det lagt ut rett-leiingstekstar til alle paragrafane i språklova.

Les føremålsparagrafen og resten av språklova på nettsidene til regjeringa.

